ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 24.09.2021 |
| Vår: 20/4005 - 21/63807 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - to bustadblokker C og D med utomhus felt B9 gbnr 188/776 m.fl. Gjervik ytre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 991/21**
**Tiltakshavar:** Orion Prosjekt AS
**Ansvarleg søkjar:** Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for to bustadblokker C og D med delar av utomhus på gbnr 188/776 seksjonar 37-74 m.fl. på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Bustadblokker C og D med 38 bueiningar med delar av utomhus i område BBB for byggetrinn 1, delar av område f_BUT inklusiv stien #1 slik det vist på situasjonskartet.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.22.**
3. **Etablering av stien #1 mellom felt B8 og B9 skal vere ferdig innan 10.10.21.**
4. **Flytting av brakkerigg frå naturkeikeplass i f_BUT skal vere ferdig innan 26.10.21.**
5. **Opparbeiding av uteopphaldsarealet på ca. 155 m2 i f_BUT skal vere ferdig innan 10.10.21.**
6. **Sikring med byggjegjerde av anleggs/byggjeområde knytte byggetrinn 2 blokker A og B skal vere ferdig innan 27.09.21 før innbyggjare flytter inn i blokk C og D.**
7. **Markering av inngangsparti og hovudinngangsdørar, jf. TEK 10 §12-4 skal vere ferdig før ferdigattest kan gjevast.**
8. **Nokon overgangar dør/gulv på felles areal i bygning C, D må støypast inntil.**
9. **Sikring av farleg skråningar med gjerde skal vere ferdig før 26.10.21.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/3923 datert 20.03.19.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Etablering av stien #1 mellom felt B8 og B9.
2. Flytting av brakkerigg frå naturkeikeplass i f_BUT.
3. Opparbeiding av uteopphaldsarealet på ca. 155 m2 i f_BUT.
4. Sikring med byggjegjerde av anleggs/byggjeområde knytte byggetrinn 2 blokker A og B.
5. Markering av inngangsparti og hovudinngangsdørar, jf. TEK 10 §12-4.
6. Nokon overgangar dør/golv på felles areal i bygning C, D må støypast inntil.
7. Sikring av farleg skrentar med gjerde.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: blokker C og D med delar av utomhusareal.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.22.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.09.21 og supplert 22.09.21 og 23.09.21.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Lonsvegen 37, 39, 41, 43, 45, 47, 49, 51 og 53 |
| Bygningstiltak: | blokk C og D med 38 leilegheiter i felt B9 med utomhus |
| Bygningsnummer: | 300765826 |
| Bruksareal: | 5510 m2 |
| Avløp: | Offentleg kommunalt |
| Vatn: | Offentleg kommunalt |
| Tal på røykløp: | |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4005

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Larissa Dahl<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Langheiane Utvikling AS | Postboks 449 Nesttun | 5853 | BERGEN |
| Orion Prosjekt AS | Postboks 449 Nesttun | 5853 | BERGEN |

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |